

Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon 13. februar 2020

SI 1/20 Spørsmål frå Hoff -H- vedrørende handlingsplan for landbruk

Fylkesdirektør gav slikt svar:

«Svar på spørsmål 1:

Fylkeskommunen gjev ikkje bedriftsretta støtte direkte til bønder, men gjev tilskot til fellestiltak for å utvikle landbruket, kurs og kompetansehevande tiltak samt forskning. Rammer for bruk av midlane blir fastsett gjennom jordbruksoppgjæret, regionale føringar og den regionale partnerskapen sine prioriteringar som er nedfelt i handlingsplanen. Kommunar, organisasjonar og forskings- og utviklingsorganisasjonar kan søke om desse midlane. Klima og berekraft er ei overordna føring og skal vere styrande ved tildeling av midlar.

Døme på tiltak som har fått støtte i 2019:

- Karbonfangst og andre klimavenlege tiltak for Vestlandsjordbruket (HFK)
- Alternative dreneringsmåtar på myr for betre agronomi og reduserte klimagassutslepp. NIBIO (SFFK)
- Integrert plantevern (IPV) i kjernefrukt (SFJ og Hordaland)

Utover dette kan det søkjast om tilskot innan andre fylkeskommunale ordningar som til dømes handlingsprogram for innovasjon og næring, grøn vekst og klimamidlar. Elles er det fleire bedriftsretta ordningar forvalta av mellom anna Innovasjon Norge og Fylkesmannen som til dømes bedriftsutviklingsmidlar og midlar knytt til Regionalt miljøprogram.

Svar på spørsmål 2:

Finnes det søkbare midler dersom bønder ønsker å legge om til økologisk jordbruk, endre måten man bekjemper skadedyr og sykdommer på i fruktdyrkingen eller andre konkrete tiltak?

Bønder som ynskjer å legge om til økologisk landbruk kan søke Landbruksdirektoratet om tilskot til dette via årleg søknad om produksjonstilskot. Etter omlegging får ein økologisk tilskot i tillegg til dei ordinære tilskota knytt til produksjon. Dei økologiske tilskota skal mellom anna kompensere for meirarbeid og ofte lågare avlingar.

Endra måtar å bekjempe skadedyr og sjukdomar i fruktdyrking, må bygge på forskning. Organisasjonar som driv forskning, kan søke om midlar til det mellom anna via fylkeskommunen. Fylkeskommunen bidreg vidare med midlar til kurs og andre kompetansetiltak som formidlar forskingsresultat ut til bøndene.»